

Arne Skuterud:

## Mordet i Huskelia

Bø i Ruste er ein av dei største gardane i Nord-Fron. På slutten av 1600-talet var Torger Torgersen brukar her. Kjerringa hans Marte var frå ein annan god gard, Forbrigd i Kvam. Det heitte seg at ho Marte var «uturmåte kjær i medel og rikdom».

Torger og Marte hadde fire ungar, den eldste heitte Torger som faren, bestefaren og oldefaren.

I Vinstradalen var det på same tid eit nydyrka lite bruk i Huskeli. Her budde ei gammal kjerring som heitte Marit. Det var skyldskap og skulle vera godt forhold mellom folket på Bø og i Huskeli. Ho Marit hadde bore han Torger, son hennar Marte og hans Torger til dåpen. Det var og slik at Bøfolket skulle arve ho Marit. Men ho Marit levde lenge og ho Marte vart utolmodig. Han Ivar Kleiven skriv i 1930 i Fronsbygdin:

*«Ho Marte Bø tykte nok at ho Marit tok te å bli langdrug, førr ho la se te å døy, og at det var te å bli i lengste laget å vente på arven.»*

Han ... Lunde var på denne tida tenestekar på Bø. Ho Marte prøvde å få han .... til å ta livet av ho Marit. For det skulle han få **ein** hest. Så la han ... i veg åt Huskelia. Men på vegen vart han møtte av ein hund som fylgde han. Han ... vart da skremd og snudde og ville ikkje gjera noko nytt forsøk.

Etter fleire forsøk greidde ho Marte da overtala tenestekaren Anders Lunde, bror til xxx til å gjera ugjerninga. For det skulle han få tre riksdaler og ei ny striskjorte. Men da kravde han Anders at eldsteguten hennar Marte, han Torger skulle vera med.

Så om natta åt 12. juli 1694 gjekk han Anders Lunde og odelsguten Torger åt Huskeli og tok livet av ho Marit ved å støypte ho.

..... Dei kasta liket uti Vinstra-elva, og det flaut å t  
Loholet og festa seg i ei bjørk. Her vart det funne om hausten.

Den same natta hadde han Jo Sylte eit ærend i Huskeli. Da såg han to kare som bar eit menneskje mellom seg. Det gjorde truleg at gjerningsmenn raskt vart mistenkte. Dei to gutane og ho Marit vart da sette i fengsel i 13 viku hjå lensmannen på Kjørstad. I rettssaka som fylgde tilstod dei ugjerninga alle tre og vart dømde til døden ved halshogging.

11. februar 1695 vart dei halshogde på Galgehaugen på Jensbakken ved elva Augla i Sør-Fron.

Ivar Kleiven skildrar dette slik:

«Det var bratt helling frå Galgehaugen og ni Augla og for kårt hogg skarprettaren gjor, trilla hugue ni bekken. Sia vart døm sette på ståkå på hauga.»

«Kå som kan vera grunn te at den etter di tin rike kjerringa på Bø så endeleg vilde hå avliva denna nærast å kalle fattige menneskja i Huskeli`n, er uskjøneleg og nærast ei oløyseleg gåte.»

Ja, dette var nok like uskjøneleg for dei som levde i Fron på denne tida, og for oss som lever i dag.

Mann hennar Marte, han Torger hadde ord på seg for å vera ein overlag bra og fredeleg kar. For han vart dette for mykje å bera. Han døydde like før avrettinga.

Også far hennar Marte, Østen Østensen på Forbrigd døydde nokre månader før avrettinga.

Likevel; ein av Marte sine etterkommamarar retta kanskje opp att noko av slektsæra, 120 år seinare:

I fjerde generasjon etter Marte Bø var Johannes Paulsen brukar på Bø. Han vart vald til representant på det fyrste ordinære stortinget 1815 – 1818.